



Danielsen
Ungdomsskule Frekhaug

Ledig lærarstilling

Danielsen ungdomsskule Frekhaug er ein kristen friskule med 173 elevar og vel 30 tilsette. Danielsen-skulane er tilknytt Egill Danielsen Stiftelse og er ein del av ein friskulebevegelse som har drive skule sidan 1932. Indremisjonsforbundet og Norsk Luthersk Misjonssamband står i dag bak skulane. Skulen flytta inn i nytt bygg på Frekhaug i juni 2021.

Vi har no ledig stilling som lærar på Danielsen ungdomsskule Frekhaug.

Vi kan tilby:

- Løn etter avtaleverket.
- Godt arbeidsmiljø og gode kollegaer.
- Heilt nytt og moderne skulebygg.
- Eit fagmiljø som jobbar aktivt med forholdet mellom kristen tru og pedagogikk.
- Ein skulebevegelse som sidan 1932 har hatt fokus på den enkelte elev og inkludering.

Vi ser etter følgjande kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Godkjent relevant, fagleg og pedagogisk utdanning frå høgskule eller universitet. Særleg aktuelle fag er: Engelsk og norsk, men og andre fag kan vera aktuelle.
- Tydeleg klasseleiar.
- God kommunikasjons- og relasjonskompetanse.
- Fleksibel og likar å jobbe i team.
- Tydeleg engasjement for eleven.
- Kjennskap til LK 2020.
- IKT – kompetanse.

Stillingane er vurdert til å vere omfatta av unntaksbestemmelsane i likestillings- og diskrimineringslova § 9 og § 30, 3. ledd. Søkjaren sitt forhold til kristen tru og skulen sitt livssynsgrunnlag vil derfor være tema på intervju og vere eit av momenta som vil inngå i den totale vurderinga ved tilsetjingane.

Gyldig politiattest må leggjast fram ved tilsetjing.

Søknadsskjema finn du på www.duf.no og sender det saman med CV på e-post til: cato.risoy@danielsen-skoler.no

Søknadsfrist: Snarast

Ta gjerne kontakt med rektor Cato Risøy på tlf. 47 46 38 01, eller på e-post cato.risoy@danielsen-skoler.no om du har spørsmål.